

## NOTAT

Til: Styringsgruppa  
Frå: Sekretariatet  
Kopi: [Fyll inn]

### Vedlegg nr. 6

Saksbehandlar/telefon:  
Erlend Otterå / 91737731  
Vår dato: 20.09.2024

# Sak 55/24 Handlingsprogram 2025-2028: Oversikt over lokale vedtak

## Bakgrunn

Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2025-2028 har blitt handsama i dei ulike lokalpolitiske styra. Denne saka har som formål å orientere partane om vedtakspunkta. Alle partane slutta seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025-2028.

Det er dei lokale partane sjølv som er ansvarlege for å ta i vare sine politiske vedtak i dei kommande rulleringane. Partane er sjølv ansvarlege for å orientere dersom det er utfordringar knytt til oppfølging av vedtak, eller andre særlege omsyn av relevans for partane i Miljøløftet.

## Lokalpolitiske vedtak

Under blir det lista opp partane sine vedtak frå behandlinga av saka om handlingsprogram 2025-2028. Nokre av partane har vedteke merknadar i tillegg. Det er óg nokre protokolltilførslar:

### Alver

#### Vedtak i sak 91/24:

Alver kommune sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025-2028.

Kommunestyret viser ellers til uttale vedtatt i Formannskap 5.9.24, sak 58/24. Dette vil også vere gjeldande ved eventuell innføring av innfartsparkering på Flatøy terminal.

#### Uttale frå Formannskapet, sak 58/24:

Skyssbåten Knarvik – Frekhaug – Bergen er eit populært kollektivtilbod for innbyggjarar i Alver og i Nordhordland som skal til og frå Bergen sentrum. Her kan reisande frå ulike delar av kommunen og regionen køyre til Knarvik og Frekhaug, parkere på Knarvik kai og Frekhaug kai og ta båten vidare til Bergen. At fleire innbyggjarar i Alver vel å bruke båten

som transportmiddel, er heilt i tråd med målsetjinga om at fleire skal reise kollektivt, og bidrar til å ta ned biltrafikken på ein allereie overbelasta veg mellom Klauvaneset og Vågsbotn. Dette er eit kollektivtilbod som må utviklast vidare med fleire avgangar i kvardagen og eit tilbod i helgene.

Etter at Vestland fylkeskommune innførte innfartsparkering for reisande med periodebillett og parkeringsbevis på Knarvik kai, er det ikkje lenger mogleg for reisande utan periodekort å parkere på Knarvik kai for å ta båten til Bergen. Vi får òg tilbakemeldingar om at det er krevjande for personar som treng HC-parkering. Dette gjer at terskelen for å ta båten vert høgare, og at fleire vel å køyre til Bergen, stikk i strid med felles målsetjingar.

Alver kommune er forundra over at dette er innført utan å ha vore drøfta i Miljøløftet, der vi i fellesskap arbeidar for å nå nullvekstmålet.

Vi er bekymra for konsekvensane etter innføring av innfartsparkeringa, og ber om at det snarleg vert opna for at kollektivreisande som ikkje har periodebillett og parkeringsbevis hos Skyss kan parkere på Knarvik kai.

## **Askøy**

Vedtak i sak 106/24:

Askøy kommune slutter seg til Miljøløftets handlingsprogram 2025-2028.

## **Bergen**

Vedtak i sak 212/24:

Bystyret slutter seg til det fremlagte forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2025 – 2028.

Merknad: Bystyret ber byrådet i samråd med samarbeidspartnerne i Miljøløftet vurdere hvordan en hjertesone i tilknytning til Christi Krybbe kan etableres og deler av Øvregaten nærmest skolen kan gjøres bilfri. Det skal vurderes hvordan den samlede trafikksituasjonen best kan løses i området med tanke på skolebarn, næringsdrivende og beboere.

Mailiss Solheim-Åkerblom (R) fremsatte på vegne av R følgende protokolltilførsel: Rødt stemmer for byrådets innstilling i saken til tross for at vi er uenig i Bypakke Bergen og finansiering av kollektivtransport gjennom bompenger. Dette fordi Handlingsprogram for Miljøløftet 2025 – 2028 inneholder viktige tiltak det haster å få på plass for å gjøre Bergen mindre bilbasert.

## **Bjørnafjorden**

Vedtak i sak 88/23:

Bjørnafjorden kommunestyre sluttar seg til Handlingsprogram for Miljøløftet 2025 – 2028 slik det er vedteke av styringsgruppa i Miljøløftet i sak 27/24.

## **Øygarden**

### Vedtak i sak 99/24:

Kommunestyret sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2025 – 2028 slik det ligg føre som vedlegg til saka.

### **Vestland fylkeskommune:**

#### Vedtak i sak 54/2024:

1. Fylkestinget sluttar seg til framlegget til handlingsprogram for Miljøløftet 2025 – 2028 slik det ligg føre med slikt tillegg: Auke innsatsen på å få flere over på sykkel, ala prosjekt/kampanjar "test el-sykkel ei veke".
2. Fylkestinget ber om at ein vurderer moglegheitene for å sikre ein samanhengande sykkelveg frå Askøybrua til Kjøkkelvikvegen. Strekninga er ein av dei siste strekka som må gjerast noko med for å få ei samanhengande sykkelveg frå Askøy til Bergen. Det kan vere nyttig å sjå planlagde gang- og sykkeltiltak i Kjøkkelvikvegen i samanheng med det som i dag er hovudtraseen for gåande og syklande mellom Askøy og Bergen, om mogleg.
3. Fylkestinget viser til suksess med samkjøringsprosjektet til Skyss, og ber om at Miljøløftet vurderer å utvide tiltaket til flere kommuner.

### **Forslag til konklusjon:**

*Styringsgruppa tek saka til orientering.*

*Dei lokale partane er sjølv ansvarleg for å ivareta sine politiske vedtak i dei kommande rulleringane av handlingsprogram.*